



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2244 - 21/15955

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n
o

Dato:
09.03.2021

Ber om tilbakemelding om mogeleg ulovleg tilfelle - gbnr 196/150 Midtgård

Tiltak: ulovlige byggetiltak
Byggjestad: Gbnr 196/150 Midtgård
Tiltakshavar: Andreas Dyngen
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS

Saka gjeld

Kommunen er kjent med at det på eigedommen pågår oppføring av einebustad.

Vi har fått melding om at det pågår byggearbeid på eigedommen som ikkje er i samsvar med gjeldande løyve av vedtak datert 07.12.20 i sak 20/17759.

Slik vi forstår saka og dei opplysningane vi har fått, planleggast det å sende inn endringssøknad for eitt eller fleire delar av den godkjente byggesaka. Vi har også fått opplysningar som tilseier at byggetiltak for dette allereie er sett i gang sjølv om kommunen ikkje har fått inn søknad eller godkjent endringar i gitt løyve.

Varsel om synfaring

Kommunen vil gjennomføre ei synfaring på staden for å stadfeste dei faktiske tilhøva. Det er ikkje påkrevd at de er tilstades, men har mulighet til å delta om de ynskjer.

Tidspunkt for synfaring er torsdag 25.03.21 i tidsrommet mellom kl 12.00-13.00

Arbeidet kan vere søknadspiktig

Vi gjer merksam på at det ikkje er tillatt å sette i gang med tiltak som går utover gjeldande løyve per dags dato. Før dette arbeidet kan setjast i gang må det ligge føre endringsløyve.

Kommunen har ikkje teke stilling til om tilhøvet er eit brot på plan- og bygningslova. Vi ber i fyste omgang om utgreiing av tilfella.

Kva må utgreiinga innehalde?

Du må greia ut om dei arbeid som er utført og om de meiner at utførte arbeid er i samsvar med gitte løyver per dags dato.

Du kan sende oss utgreiinga til e-postadresse post@alver.kommune.no eller per post:

Alver Kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug

Frist for utgreiing er 3 veker.**Anvendt regelverk**

Du har plikt til å greia ut om det utførte tiltaket i følge Plan- og bygningslova § 31-7.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/2244.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Siril Therese Sylta
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Andreas Dyngen
Eirin Dyngen

Midtgardshøgda 5 B
Midtgardshøgda 5 B

5915 HJELMÅS
5915 HJELMÅS

Mottakarar:

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291 VALESTRANDSFOSSE
N